

Lindås kommune
v/ rådmann Ørjan Raknes Forthun

15. september 2014

OPPSTART AV FORVALTNINGSREVISJON – REFUSJONAR OG TILSKOT

Deloitte har i samsvar med utarbeida prosjektplan og bestilling frå kontrollutvalet i møte den 2. september 2014, starta opp arbeidet med ein forvaltningsrevisjon av refusjonar og tilskot i Lindås kommune.

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøke i kva grad det er etablert tilstrekkelege system og rutinar for å sikre at kommunen får alle refusjonsinntekter den har krav på, og i kva grad det er etablert føremålstenlege system og rutinar for å sikre at kommunen søker på relevante tilskotsordningar.

Revisjonen vil nytte dokumentanalyse, intervju og stikkprøvekontrollar for å få informasjon om kommunen sitt arbeid innan dei aktuelle områda.

Vi ber om å få tilsendt følgjande dokumentasjon i samband med forvaltningsrevisjonen:

- Oversikt over refusjons- og tilskotsordningar som kommunen nyttar i dag
- Alle føreliggande rutine-/prosedyreskildringar for utarbeiding og oppfølging av refusjonskrav for
 - Butiltak
 - Branntenesta
 - Legevaktsordninga
 - Sjukepengar
- Oversikt over kva grunnlag som blir nytta for utarbeiding av refusjonskrav for
 - Butiltak
 - Branntenesta
 - Legevaktordninga
 - Sjukepengar
- Alle føreliggande rutine- og prosedyreskildringar for melding og registrering av sjukefråvær – både eigemeldt og legemeldt sjukefråvær
- Oversikt over kven som har ansvar for registrering av sjukefråvær i organisasjonen
- Oversikt over kva system som blir nytta for å utarbeide, sende inn og følgje opp dei ulike søknadene om refusjonar
- Eventuelle system og rutinar for å fange opp aktuelle tilskotsordningar og andre tilfeldige inntektskjelder

- Eventuelle system og rutinar for å utarbeide og samordne søknader om tilskot (såkalla «tilskotsfangst») på vegne av kommunen
- Eventuelle retningslinjer og rutinar knytt til rapportering og rekneskapsføring av mottekne tilskot («tilskotsfangst») internt i kommunen
- Eventuelt tidlegare interne eller eksterne evalueringar av kommunen si oppfølging av refusjonar
- Etiske retningslinjer, ev. andre retningslinjer knytt til habilitet for administrasjon og politikarar i kommunen
- Delegasjonsreglement
- Eventuell anna relevant dokumentasjon

Dersom kommunen ikkje har dokumenterte prosessar for dei ulike refusjons- og tilskotordningane, ber vi om ei kortfatta skildring av dagens praksis for:

- Refusjonskrav for butiltak
- Refusjonskrav for branntenesta
- Refusjonskrav for legevaktsordninga
- Sjukepengerefusjonar og rutinar for registrering av sjukefråvær
- Kva som blir gjort for å fange opp potensielle refusjons- og tilskotsordningar
- Prosessen knytt til det å søkje om tilskot som blir forvalta av andre

Vi ber om at vi får tilsendt overnemnde dokumentasjon innan tysdag 30. september 2014. Dersom det blant den etterspurte dokumentasjonen er dokument som ikkje eksisterer, ber vi om at dette blir opplyst eksplisitt.

Vi ber om at kommunen oppnemnar ein kontaktperson for forvaltningsrevisjonsprosjektet som Deloitte kan samarbeide med for å få vidare tilgang til relevante dokument og organisering av intervju og stikkprøvegjennomgang. Informasjon om kontaktperson kan formidlast til underteikna per e-post. Vi ber også om at etterspurt dokumentasjon i den grad det er mogleg blir oversendt til Deloitte elektronisk, som vedlegg til e-post til underteikna.

Eventuelle spørsmål om forvaltningsrevisjonsprosjektet kan rettast til prosjektleiar Line M. Johansen på tlf. 952 15 727, eller per e-post til lmjohansen@deloitte.no.

Med venleg helsing
Deloitte AS



Line M. Johansen
prosjektleiar